# Behovsstyrt poliklinikk for diabetes

## Kva er behovsstyrt poliklinikk?

Gjennom behovsstyrt poliklinikk vil vi gjere det enklare for deg å få hjelp og støtte når du treng det. Du skal sleppe å møte fysisk på poliklinikken når sjukdomen din er stabil og du opplever kontroll.

Vi vil med jamne mellomrom sende deg eit skjema via Helsenorge der du skal svare på nokre spørsmål. Du må også lese av nokre verdiar i pumpa/ sensoren din og leggje inn i skjemaet. Svara vil bli vurderte av behandlaren din og vedkomande vil settje tiltak ut frå svara du gjev. Dersom alt er fint, vil du ikkje høyre noko før du får eit nytt skjema som skal fyllast ut på Helsenorge.

Vi ynskjer at du framleis kjem til rutinemessige fysiske kontrollar. Du får som vanleg timeinnkallingar til desse.

## Korleis fungerer behovsstyrt poliklinikk?

**Behandlar på sjukehuset**

Behandlaren og du har saman oppretta «behovsstyrt poliklinikk» for deg.



Behandleren sender deg oppgåver på Helsenorge som du skal svara på.

**Mine oppgåver**

Last ned Helsenorge-app'en på telefonen din. Når behandlaren din sender eit skjema, får du varsel i app'en. Viss du heller vil få varsel på SMS, må du slå av push-varsel i app'en og deretter velje SMS-varsel.




Logg inn på Helsenorge og opne oppgåva di. Fyll ut skjemaet ved å svare på spørsmåla og legg inn verdiane frå pumpa eller sensoren din. Så trykkjer du SEND.

**Bruk av svara**

Behandlaren ser at du har svart på skjemaet og at svara er sende inn. Behandlaren vurderar svara dine.



Dersom du har behov for kontakt, vil behandlaren settje deg opp til time for telefonkontakt eller fysisk oppmøte på sjukehuset. Du får då SMS med innkalling. Behandlaren din avgjer kor ofte du får tilsendt skjema.

Du kan når som helst trekkje deg frå tilbodet om behovsstyrt poliklinikk og vende tilbake til den opphavlege oppfølginga med fysisk oppmøte på sjukehuset. Gi beskjed til behandlaren på sjukehuset.

Du må gi beskjed dersom du flyttar og ikkje lenger mottek helsehjelp frå dette sjukehuset.